

Det kgl Kulturdepartement
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

KULTUR OG FRITID

Dato: 03.03.2010

Arkivnr.: K1-

Vår ref.: 09/1299-9

**TILDELING AV SPELEMIDLAR. FORSLAG TIL NYE KRITERIER FOR
FYLKESVIS FORDELING - ADMINISTRATIV HØYRINGSUTTALE FRÅ BØ
KOMMUNE**

Bø er ein av 18 kommunar i Telemark – eit fylke prega av høgt etterslep i høve til tildeling av spelemidlar.

Lågt folketal og høg anleggsdekning slår negativt ut for talet på søknader som blir imøtekome, noko som igjen fører til eit større etterslep i Telemark samanlikna med fylke med høgt folketal og låg anleggsdekning.

Det store etterslepet slår negativt ut regionalt, men også lokalt i kommunane her kor planlegging, finansiering og bygging av anlegg går føre seg. Dette er svært uheldig, ikkje berre i høve til negative økonomiske konsekvensar, men også i høve til engasjement og motivasjon ute i dei frivillige laga. Det er vanskelig å sjå korleis ein med ei slik innretning på fordelinga, kan nå målsettinga om å ”bidra til at den frivillige, lokale idretten kan bestå og utviklast vidare.”

Vi meiner at ein bør fjerne anleggsdekning som kriterium, og heller legge opp til ei vekting av søknadssum på 70 % og folketal på 30 %. Dette vil jamne ut det ein i dagens ordning opplever som skeiv fordeling. I fylke med store avstandar og spreidd busetting, må ein bygge fleire anlegg for å oppnå eit breitt og mangfaldig tilbod der folk bur. Utvikling av den lokale idretten og anlegga har svært mykje å seie for folkehelsa spesielt, og for attraktivitet og bulyst generelt; dette er svært sentrale målsettingar for dei aller fleste kommunar i Noreg i dag.

Lokalt engasjement er viktig i høve til anleggsutviklinga. I dag utformer lokale politikarar og lokale idrettsråd ein felles idretts- og anleggspolitikk gjennom kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Alle søknader om spelemidlar må vere forankra i kommunedelplanen, slik at planen til ei kvar tid gir uttrykk for kommunens og idrettens planar og behov for aktivitet og anlegg. Dette bør vektleggast også i kriteria for tildeling av spelemidlar; søknadsmassen frå kommunane bør vege tyngst.

Vi meiner vidare at friluftslivsanlegg som t.d. turvegar og turstigar, ikkje bør tilleggst vekt m.a. fordi dette er anlegg som ikkje spesielt rettar seg mot barn og unges aktivitet.

Etter det vi erfarer, er det også fleire tilhøve som bør utgreiast betre før ein innfører den nye ordninga. Dette kan t.d. vere kvalitetssikring av anleggsregistrering og kartlegging av rehabiliteringsbehova. Det er viktig at den nye ordninga kan bidra til å dekkje dagens og framtidas behov for standard og anlegg. Vi meiner at departementet bør bruke meir tid, og utsetje implementering av nye kriterier fram til 2011.

Med helsing

Hilde Pedersen
einingsleiar

Kopi til:

Bø idrettsråd	Augon Eika	3800	BØ I TELEMARK
Telemark Fylkeskommune	Administrasjonen	3706	SKIEN